

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 19.08.2019
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Strategi og handlingsplan for auka bruk av private ideelle institusjonar**

ARKIVSAK: 2019/7537
STYRESAK: **085/19**

STYREMØTE: **05.09. 2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret gir sin tilslutning til den framlagte strategi og handlingsplan for auka bruk av private ideelle institusjonar og ber om å bli halden orientert om oppfølging av dei skisserte tiltaka.

Oppsummering

Helse Vest har på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet utarbeidd ein strategi og handlingsplan for auka bruk av private ideelle institusjonar. Strategien er i tråd med oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet avgrensa til å seie noko om korleis Helse Vest i samband med innkjøpsprosessar kan auke private ideelle sin del av private institusjonsplassar.

Fakta

Helse Vest RHF blei i føretaksmøtet 15. januar 2019 bedt om å

- Sørge for at dei private ideelle tenesteleverandørane sin del av private institusjonsplassar aukar over tid i samband med innkjøpsprosessar, i den grad det er rettsleg mogleg og det ikkje er til hinder for særskilt grunngeven bruk av kommersielle tilbydarar. Dette må skje i eit tempo som sikrar effektiv utnytting av ressursane, og som ikkje er eigna til å svekke pasienttilbodet i oppbyggingsfasen.
- Innan 15. august 2019 vedta ein strategi og plan for gjennomføring av kravet.

Strategien er sendt Helse- og omsorgsdepartementet innan fristen 15. august. Det er samstundes gjort merksam på at dokumentet vil bli lagt fram for styret i styremøtet 5. september 2019, og det er teke atterhald om at det kan kome endringar som følge av styret sin behandling.

Strategien blei i juli sendt våre avtalepartar for innspel. Per 20. juli 2019 var det kome inn tolv innspel.

I alle uttalene er det gitt positive tilbakemeldingar på at Helse Vest gjennom dei tiltaka som er skissert inviterer til samarbeid om vidare oppfølging av tiltaka, særleg knytt til oppfølging av tiltaksområde *tettare integrering og betre funksjonsfordeling med private aktørar*, jf. Helse 2035, og det kjem fram stor interesse for å bidra i dette arbeidet. I dei fleste tilbakemeldingane kjem det også fram at institusjonane er klare til/ønskjer seg ei større oppdragsmengde enn det dei har i dag.

Frå fleire av dei institusjonane som har løpande avtaler er det gitt tilbakemelding om at dei er overraska over at desse institusjonane er utelukka frå strategien og handlingsplanen i det den er knytt til gjennomføring av anbodskonkurransar. Det er vist til at dette står i motstrid til det som er sagt i Helse 2035, og at strategien ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp politiske føringar. Det er derfor gitt tilråding om at det blir utarbeidd ein meir heilskapleg strategi for område private ideelle institusjonar.

Det er motteke ein tilbakemelding frå kommersiell aktør. Det blir i denne uttalen reist spørsmål ved lovmessigheita i å gi ideelle aktørar fortrinn ved kjøp av helsetenester. Det er vidare vist til at innslaget av kommersielle aktørar i avtaleporteføljen i Helse Vest er svært låg, og det blir peikt på at bruk av private aktørar bør vurderast ut frå kva slags kompetanse, kvalitet og kostnadseffektivitet dei private aktørane innehar samla og ikkje vere avgrensa til ideologiske prinsipp om eigarskap.

Strategien er også sendt til helseføretaka og vil bli gjennomgått med dei i eit møte 2. september 2019. Det vil i styremøtet bli gjort greie for eventuelle framlegg til endringar i dokumentet etter gjennomgangen med helseføretaka.

Kommentarar

Private aktørar i helsesektoren er ein viktig del av og eit viktig supplement til dei offentlege helsetenestene. Dei seinare åra har det vore auka merksemd kring bruk av private ideelle aktørar, og dette er også kome til uttrykk i styrande dokument frå Helse- og omsorgsdepartementet. I det strategidokumentet som no er utarbeidd er tematikken avgrensa til å gjelde auka bruk av private ideelle institusjonsplassar i samband med innkjøpsprosessar og er konkret knytt til eit krav gitt i føretaksmøtet 15. januar 2019. Ein breiare gjennomgang høyrar heime under eit av tiltaksområda i Helse 2035 – *tettare integrering og betre funksjonsfordeling med private aktørar*.

I dokumentet er det gitt nærare greie for status med omsyn til bruka av private i Helse Vest. Oversiktane viser at kjøp frå private ideelle aktørar allereie utgjer ein betydeleg del av Helse Vest sitt totale kjøp frå private. Det er derfor knytt nokre utfordringar til kravet om at dei ideelle sin del av private institusjonsplassar skal auke over tid.

I dokumentet er målformuleringa tydeleggjort, og det er gjort greie for rammene for strategien gjennom nærare omtale av stikkorda

- «institusjonsplassar»
- «i samband med innkjøpsprosessar»
- «Ideelle sin del av volum levert av private»

Strategien er vidare tydeleg på at det er av avgjerande betyding å få avklart det juridiske handlingsrommet knytt til å favorisere private ideelle leverandørar, og det er også behov for å styrke kunnskapen om leverandørmarknaden. Dette er synleggjort ved utarbeiding av aktuelle tiltak.

Konklusjon

Hensikten med det arbeidet som er gjort er å utarbeide ein avgrensa strategi og handlingsplan som svarar ut det avgrensa kravet knytt til bruk av private ideelle institusjonar som blei gitt i føretaksmøtet 15. januar 2019. Dei tilbakemeldingane som er motteke i høyringsrunden gir i stor grad uttrykk for at ein ønskjer seg at Helse Vest RHF utarbeidar ein meir heilskapleg strategi for området bruk av private ideelle aktørar. Det arbeidet er allereie adressert som eit tiltaksområde knytt til Helse 2035. Det er derfor naturleg at desse innspela blir tatt med i det arbeidet, og det blir derfor ikkje gitt tilråding om å gjere endringar i det framlagte strategi og handlingsplandokumentet.

I tillegg inneheld innspela ein rekke meir konkrete tilbakemeldingar knytt til aktivitet i den einskilde institusjon og kva dei ønskjer å gjere meir av. Administrerande direktør rår til at desse innspela blir tatt med i seinare behovsvurderingar og i dialog kring bestilling for 2020.

Vedlegg

Utkast til Strategi og handlingsplan for auka bruk av private ideell institusjonar